

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

**Gunnar Bakke** (Frp) sette fram slikt forslag:

«Saken utsettes for befarung.»

**Siri Klokke** (A) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling syns det er uheldig å få saka til uttale utan at den har vore handsama politisk i Bergen kommune.»

### Røysting

Bakke sitt utsettingsforslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 - 3 vart samrøystes vedteke.  
Klokke sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling*, meiner at privat forslag til reguleringsplan for Dikkedokken er i strid med mål i *Regional plan for attraktive senter*, då det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til stadens historie, særpreg og landskapstrekk.

Planforslaget må endrast slik at Dikkedokken vert styrkt som kulturminne og byrom. Byggehøgder og siktlinjer må justerast for å styrke lesbarheit og oppleving av kulturmiljøet og sikre betre tilpassing til nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegn kan trekkjast må planforslaget omarbeidas ut i frå følgjande:

- I. Utnyttingsgraden må reduserast vesentleg, og det må dokumenterast at utbygginga bidreg til å styrke oppleving av det kulturhistoriske landskapet og ikkje skapar stor negativ konsekvens for kulturmiljøet.
  - II. Høgde mot gata, Georganes Verft, bør i hovudsak ikkje vere høgare enn 3 etasjar.
  - III. Ny pir (SAA) i forlenging av dokken, må takast ut av planforslaget av omsyn til lesbarheit av det tekniske kulturminne.
2. Areal avsett til offentleg byrom langs Dikkedokken, er viktig for universell tilkomst til kaiområda. I samsvar med mål i *Regional plan for attraktive senter* må det setjast av tilstrekkeleg breidde for å sikra funksjonelt areal for opphald, private sonar og rom for transport for gåande og sykkel. Promenaden må regulerast i samanheng med tilliggande område.
  3. For å nå overordna mål om fortetting i senterområde vil Bergen stå ovanfor ei rekke liknande transformasjonsprosjekt i nær framtid. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår i frå at det vert opna for at detaljreguleringsplanar kan fråvike overordna planar i vesentleg grad. Dette gir uheldig presedens for andre planar, og kommunen mister heilheitleg grep der utnyttingsgrad tel tyngre enn kvalitet. Balansen mellom dei ulike omsyna må til for å sikre god byutvikling i fylkessenteret.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling syns det er uheldig å få saka til uttale utan at den har vore handsama politisk i Bergen kommune.